

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 11.10.2016  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Kommentarar til Forskrift -2016-08-26-1003**

**ARKIVSAK:** 2016/2463  
**STYRESAK:** 118/16

**STYREMØTE:** 02.11. 2016

### Administrerende direktør si orientering pkt. 2

---

#### **Forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphald i institusjon for behandling, omsorg og rehabilitering av personer med rusmiddelproblem**

I styremøte 3. oktober 2016, blei det stilt spørsmål knytt til denne forskrifta og bedt om ein nærare forklaring.

Den nye forskrifta må sjåast i samanheng med endringar i lov om spesialisthelsetenesta og lov om helse- og omsorgstenester som blei vedtatt i desember 2015. Det har lenge vore eit ønskje om å sette klarare lovrammer for å ta i bruk tiltak utan pasienten eller brukaren sitt samtykke under behandling av rusmiddelmissbrukarar. Forskrift om « beboernes rettigheter og bruk av tvang i institusjoner for omsorg for og behandling av rusmiddelmissbrukere» som gjeld i dag har heimel i lov om sosiale tenester og er ikkje endra i tråd med ny lovgiving og endra organisering av behandlingsapparatet.

Lov om spesialisthelsetenester § 3-14 og lov om helse- og omsorgstenester § 12-4 blei endra med verknad frå 1. november 2016. Lov om spesialisthelsetenester § 3-14, 2. ledd har fått følgjande ordlyd:

*«Kongen kan gi forskrift om gjennomføringen av opphold ved institusjoner som tilbyr behandling for rusmiddelavhengighet. Det kan herunder gis regler om fastsettelse av husordensregler, rusmiddeltesting av pasientens biologiske materiale, forvaltning av pasientens*

*midler, pasientens rettigheter og plikter, saksbehandling og klage og vern om pasientens personlige integritet. Det kan dessuten gis regler om følgende tvangstiltak:*

- a) kontroll av pasientens post*
- b) forbud mot rusmidler, legemidler, skadelige stoffer og farlige gjenstander i institusjonen*
- c) beslaglegging og tilintetgjøring av rusmidler, legemidler, skadelige stoffer og farlige gjenstander*
- d) kroppsvisitasjon, undersøkelse av munnhulen og undersøkelse av pasientens rom og eiendeler når dette er nødvendig for å oppnå formålet med oppholdet, herunder rutinekontroll ved innleggelse eller etter opphold utenfor institusjonen*
- e) adgang til å nekte besøk*
- f) adgang til å nekte permisjoner og annet fravær*
- g) beslag av pasientens egne elektroniske kommunikasjonsmidler dersom kamera- eller lydopptaksfunksjon gjør beslag nødvendig av hensyn til andre pasienters eller ansattes personvern*
- h) adgang til å kreve biologisk materiale av pasient innlagt i medhold av helse- og omsorgstjenesteloven §§ 10-2 og 10-3 når rusmiddeltesting er nødvendig for å oppnå formålet med oppholdet*
- i) bruk av tvang i nødssituasjoner i tråd med alminnelige nødretts- og nødvergebetraktninger.»*

Det var eit ønskje om å gjere grensene for bruk av tvang på rusfeltet klarare. Lovføresegnene oppnar for at det med heimel i desse to lovane skulle kome forskrifter som nærare regulerte rettigheter og bruk av tvang i institusjon. Det er gjort med forskrifta som blei kunngjort 29.08.2016.

Den nye forskrifta slår fast at tvang og restriksjonar skal innskrenkast til det strengt nødvendige. Så langt det er mogleg, skal det takast omsyn til pasienten eller brukaren sitt syn. Tvang skal berre nyttast når fordelane veier opp ulempene.

Forskrifta gjeld for alle offentlege og private institusjonar som tilbyr behandling for personar med rusmiddelproblem, både i spesialisthelsetenesta og på kommunalt nivå.